



Snart kjem nytt gjerde langs vegen inn til skule og barnehage.(Foto: Ola Matti Mathisen)

**Torfinn Myklebust og leiinga ved oppvekstsenteret etterlyste for nesten eit år sidan nytt gjerde inn frå busslomma til erstatning for det gamle og slitne.  
Seinare har Myklebust purra på saka.  
No tyder alt på at prosjektet er på gang.**

- Det er positivt at kommunen for ein gongs skyld gjer noko når manglar blir påpeika, seier Myklebust til uskedalen.no

Men han legg til at han ikkje er fornøgd før han ser at jobben er gjort.

Det er berre førebuingane til fjerning av gamlegjerdet på eine sida av vegen som er gjort til no.